

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 30.-31.mars 2023

Stad: Nesbyen kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

| | |
|-------------------|------------------|
| Solveig Vestenfor | Ål kommune |
| Pål Rørby | Hemsedal kommune |
| Petter Rukke | Hol kommune |
| Herbrand Jegleim | Gol kommune |
| Tore Haraldset | Nesbyen kommune |
| Merete H. Gandrud | Flå kommune |

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

| | |
|----------------|-----------------|
| Hege Mørk | Gol kommune |
| Henrik Skovly | Nesbyen kommune |
| Odd Egil Stavn | Flå kommune |

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, prosjektleiar Sats på Hallingdal
Jorun Utne, Regionalutviklar

Forfall

| | |
|--------------------|------------------|
| Stephan Gundersen | Hemsedal kommune |
| Kent Emil Johansen | Hol kommune |
| Karsten Dideriksen | Ål kommune |

SAK 19/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24. FEB. 2023**Vedtak:**

Protokollen 24. februar 2023 er godkjent.

SAK 20/23 TV OVERFØRING AV REGIONALE MØTE OG EVALUERING AV AVTALE

Geir Ove Østro frå Radio Hallingdal orienterte om avtala og om ordninga.

Vedtak

1. Regionrådet vedtek at det ikkje blir TV overføring frå regionale politiske møte
2. Dagens avtale med kommunane blir forlenga av kvar einiskild kommune

SAK 21/23 REKNESKAP 2022**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2021 og at underskotet på overskotet på kr. kr. 35 904,21 blir dekket av disposisjonsfondet.

SAK 22/23 ÅRSMELDING 2022**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2022.

SAK 23/23 RESTANSELISTE 2022 OG OPPFØLGING AV SAKER I REGIONRÅDET

Restanselista for 2022 vart gjennomgått

SAK 24/23 ADMINISTRATIVT SAMARBEID I HALLINGDAL

Me drøfta m.a. desse problemstillingane

- Korleis kan me redusere sårbarheit og hjelpe kvarandre når vakansar oppstår?
- Korleis kan me få utarbeidd ein rekrutteringsstrategi for offentleg sektor i Hallingdal?
- Er det mogeleg å styrke samarbeidet på innkjøp, næringsutvikling, bu og blilyst, innovasjon og entreprenørskap og samstundes betre kvalitet og resultat totalt sett?
- Korleis skal me betre det administrative tverrkommunale samarbeidet på tvers av fag og profesjonar?

Konklusjon:

- Invitere Geir Vinsand til å presentere tankar om interkommunalt samarbeid på Hallingtinget.
- Vurdere ein beredskapsplan på korleis ein fyller tomme høyl når det oppstår vakanse
- Be HR utarbeide ein felles rekrutteringsstrategi for offentleg sektor i Hallingdal
- Ha større openheit rundt lønsspørsmål slik at ein slepp å sette kommunane opp mot kvarandre
- Arrangere felles leiarsamling der ein ser på felles historie og felles framtid.

SAK 25/23 POLITISK SAMARBEID I HALLINGDAL

Me drøfta m.a. desse problemstillingane

Korleis har samarbeidet vore i denne perioden – korleis kan me spela kvarandre gode

Avhengig av regionalt samarbeid – viktig å stå samla

Kva er Regionrådet? - seks ordførarar eller eit samla råd for Hallingdal?

Kva har kommunane fått att for å vera med i det regionale samarbeidet

Konklusjonar:

- Me må jobbe med samhald og sosiale arenaer, vera bevisst på å bli kjent bli kjent med kvarandre også utanfor jobben som ordførar – Det har ein verdi
- Me må informere kvarandre tidleg
- Avklare kva me skal vera for kvarandre – enkeltpersonar eller eit samla råd
- Bli betre til å fordele oppgåver mellom ordførarane
- Saman utarbeide ein modell for tverrpolitisk samarbeid
- For at eit regionalt samarbeids skal fungere må deltakarane sjå at det er nyttig og meningsfullt, kanskje me må marknadsføre dette betre

Etter valet - politikaropplæring – korleis jobbar me regionalt

- Planlegge Hallingting i nov – bli kjent tidleg
- Avklare korleis ein skal involvere varaordførar både sosialt og i det regionale samarbeide.
- Presentere det regionale samarbeidet for kommunestyret
- Felles profilering
- Det er ikkje lov til å drive partipolitikk i Regionrådet
- Tenkje på konstituering

SAK 26/23 «KVA KAN KOMMUNANE BRUKE VINN TIL?» V/GUNN MART OLEIVSGARD

Gunn Marit Oleivsgard og Hilde Brennhovd orienterte om Vinn AS og kva tenester Vinn kan tilby. Det vart jobba i grupper der spørsmålet var «Korleis kan vår kommune ta i bruk VINN og deira kompetanse»

Vidare oppfølging skjer i kommunane

**SAK 27/23 REMERKING OG FINANSIERING OG AV «BEREKRAFTIG REISEMÅL»
KOMMUNANE SI ROLLE****Vedtak:**

1. Kommunedirektør i kvar kommune tek kontakt med leiar i destinasjonsselskapet for å starte drøftingar rundt korleis destinasjonsleiinga skal sjå ut, korleis finansieringa av remerkinga kan ordnast og korleis oppgåver og roller kan fordelast lokalt og regionalt
2. Destinasjonsselskapa blir invitert til Regionrådsmøte i mai

SAK 28/23 EVENTUELT**Førebu Hallingtinget**

- Rekneskap
- Årsmelding
- Status Interkommunalt samarbeid Geir Vinsand?
- Forstå verdien av interkommunalt samarbeid sett utanfrå
- Hallinghelse
- Innovasjon Hallingdal
- Samferdselsutval
- Hallingdal i «nye Buskerud»
- Nytt frå Viken
- Hallingdal.no
- Sats på Hallingdal – kva har skjedd siste året
- Fjellnettverket – Kari Randen

Felles profilering

Arbeidet med Hallingdal.no vart presentert

Fagskule /høgskuletilbud generelle vedtak

Dagleg leiar og rådsordførar får mandat, i tråd med strategisk plan, til å sende støttebrev til Utdanningsaktørar som søker midlar, eller treng anna støtte for å skapa utdanningsplassar i Hallingdal

Oppfølging av tur til Seljord

Dette blir fulgt opp på Buskerudtinget 12. april

Spørsmål om meiningsmåling frå Hallingdølen

Me drøfta spørsmålsformulering på tilleggsspørsmål til meiningsmåling i regi av Hallingdølen som vart vedtatt på februar møte. Det enda med at Regionrådet var ueinige i kva spørsmål som skal stillast og at Hallingdølen droppa tilleggsspørsmåla.

Hallingdal 14. april 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar